

Innsamlingsaksjonen trøng rodeleiari. Helene Huse Bjørnebøle har meldt seg til oppgåva.

13.10.2016



Det trøngst rodeleiari i Uskedalen.

OPPDATERT(sjå slutten av saka og notis): TV-aksjonen 2016 går av stabelen søndag 23.oktober.
Førebuingssarbeidet er godt i gang, og her i Kvinnherad gjer kommunekomitéen eit godt førearbeid. I Uskedalen kan den opphavelege rodeleiaren dessverre ikkje delta pga dødsfall i nær familie og reise til gravferd. Derfor treng ein no sårt at nokon melder seg til denne oppgåva.

Rodeleiaren får informasjon frå kommunekomitéen og skal organisera innsamlinga på søndagen. Innsamlinga pågår eit par timer og vert organisert frå Gamleskulen. Det er godt innarbeidde rutinar så det er absolutt ei overkommeleg oppgåve.

Medlemmer i kommunekomitéen har ringt rundt i dag i håp om å få tak i rodeleiari utan å få napp. No håpar dei at nokon vil mælda seg når dei les dette. Elisabeth Berg Hass i komitéen vert svært glad om nokon melder seg på mobil 400 41 466. Ho seier at dei kan hjelpe til med å skaffa bøsseberarar, eit arbeid dei alt er i gang med, men det er viktig at dei har ein ansvarleg for å henta bøssene, dela dei ut og samla dei inn att, og til slutt bringa dei til banken.

Bli med!



**SAMMEN FÅR
VI HJELPEN
HELT FREM**

OPPDATERING: Ei glad Elisabeth Berg Hass i kommunekomiteen melder at Helene Huse Bjørnebøle har meldt seg til å ta oppgåva som rodeleiar. Kjempeflott!! No åpar vi også at folk er flinke til å mælda seg som bøsseberarar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland